



Nyheitsbrev frå flyktingtenesta.

Utgåve 1, 2011

mars 2011

Samarbeidspartanar :

- Barnehagane
- Bruktbui
- DPS-lkjøkken
- Dyrud elektro AS
- Europris
- Heddeli bu- og service.
- Ica-nærmat
- Nesbukti sjukeheim
- Rema 1000
- Rimi
- SFO
- Sjøormen Kro
- Statoil
- Telespinn AS

Innhald:

Ein takk til...	1
Telespinn AS	1
Senoit og SFO-Barna.	2
Europris.	
Jobb på café.	
Rema 1000.	3
Jobbmesse.	
Bruktbui.	
Fakta om oss	4
Bli med Til Topps!	4

Ein stor takk til alle samarbeidspartnarane våre!

No, mens året går mot vår, vinterens opplevingar sporar til optimisme og somarjobbane kjem fram, vil eg gje ein velretta takk til dei viktigaste samarbeidspartnarane vi har i introduksjonsprogrammet – språkpraksisplassane!

Utan at bedriftsleiarar, kollega, einingsleiarar og offentlege tilsette frivillige hadde opna dørene sine og og slept inn dei menneskja som kjem hit og skal bygge seg eit nytt liv i eit framand samfunn, så hadde det gått dårleg med integreringa.

Det er eit umogleg reknestykke å rekne ut verdien av denne gesten.

Vi som arbeider med menneskjer som treng at nokon ynskjer dei velkommen inn,

ser kor mykje eit menneskje veks når det er kome inn i varmen og får lov til å bruke seg sjølv på ein oppbyggeleg måte.

Dette nyheitsbrevet vel vi å bruke på dei som tek eit sosialt samfunnsansvar og hjelper menneskjer tilbake til eit verdig, sjølvstendig liv. Det er ein stor sam-

funnsøkonomisk gevinst i det og mykje meir konstruktivt enn berre å sitte å klage.

Ein velfortjent takk for samarbeidet!



På Telespinn i Svartdal passar dei på skape kos i produksjonen, dame- og pusen.

Telespinn AS i Svartdal

Er det mogleg å få noko positivt ut av å sende ei vaksen dame frå millionbyen Mogadishu til ei avsidesliggende bygd i Telemark?

Det kan vi ikkje finne ut av utan å prøve, tenkte vi.

Telespinn AS er ei ideologisk, verdibasert bedrift, etablert på garden Midt-Svartdal. For nokre år sidan tok gründer og dagleg leiar, Bjørg Minnesjord Solheim kontakt med oss. Ho var nysgjerrig på om det var noko ho kunne bidra med i høve til integreringa.

Ei kvinne frå Tsjetsjenia blei den første praksiskandidaten i spinneriet. To dagar i veka reiste ho med buss frå Seljord til Svartdal for å ta del i produksjonen av garn og kreative produkt av mohairull.

No er det Kafhiya som får kjen-

ne seg nyttig, lære seg norsk språk og korleis ein norsk arbeidsplass fungerer. I tillegg får ho utvida nettverket sitt.

Kafhiya blir lært opp i arbeidsprosessane frå ulla kjem i hus i store sekkar og til dei ferdige ullplagga er ferdig. Hovudvekta av produksjonen er knytt til produksjon av garn av mohai-

rull. Karing, spinning, farging, hesping osv. Og Kafhiya kjenner igjen nokre delar av prosessane: *Vi gjer slikt i Somalia og, men vi har ikkje slike maskinar.*


Den sosiale arenaen i produksjon og rundt bordet er svært viktig for personar i Kafhiya sin posisjon. Ho har funne seg vel til rette i spinneriet.



Den samfunnsoppgåva Telespinn AS har teke på seg aukar sjansen for at Kafhiya kan oppleve sjølvstende og bidra til å videreutvikle velferdsstaten vår.

For meir info:

<http://www.telespinn.no>



På SFO får ungane praktisere engelsk og Senait får praktisere norsk. Var det nokon som sa vinn-vinn?

SFO og barnehagane

Ingen har teke imot fleire introduksjonsdeltakarar enn SFO ved barneskulen i Seljord! Å ha ein språkpraksiskandidat hos seg ser dei på som ein obligatorisk oppgåve som det ikkje blir

stilt spørsmål ved, like lite som dei er i tvil om at dette har dei og nytte av, sjølv om det ikkje alltid fungerer like godt.?

For oss som observerar kandidatane si utvikling frå utsida er det heller ikkje tvil: SFO er den beste språkpraksisarenaen som finnast. Dei som kjem inn der ser ut til å trivast. Det kjenner seg nyttig og velkommen, og utviklar språket raskt. Ungar er kommunikative og har

ikkje alle dei vaksne sperrene. Dei berre gjeng på. Derfor kan barnehagar også vere svært funksjonelle språkarena. Dei to barnehagane våre har hatt fleire deltakarar i praksis. I dag har vi ikkje kandidatar til dei. Dei står på vent. Det gjer ikkje noko for vi må ikkje underslå at det og kan vere krevjande å tilrettelegge for ein språkkandidat som ikkje veit korleis vi tenkjer om barneoppdraging og jobbing med barn. Derfor kan det vere fint med ein pause, berre den ikkje blir for lang. På SFO verkar det som om det er full klaff no. Meistring, trivsel og naturlegskap gjev betre liv.



Kombinasjonen av teoretisk og praktisk språkopplæring er fortreffelig!

Var den første butikken i Seljord vi fikk til ein avtale med. Fnan Askale er den andre deltakaren vi har hos Europris.

Fnan er imidlertid klar på at ho vil bli elektrisk. Derfor var Europris berre ein kortvarig mellomstasjon. I skrivande har ho fått praksis hos Dyrud elektro AS.

Og slik er det og nokre gonger: Praksisplassen gjenspeglar ikkje det yrket deltakaren ynskjer seg. Det kan då opplevast noko meiningslaust og lite motiveran-

de. Ein kjenner seg plassert for å fylle timetalet i programmet. Utfordringa vår ligg då i å fokusere på at språktreninga kan vere vel så god uansett kva du

må jobbe med i praksisistida. Dette syner og utviklinga hos dei einiskilde. Det er eit klårt skilje i den munnlege utviklingskurven på dei som er i praksis og dei som ikkje er det.

Erfaringa i bransjen er at språkpraksisplass forserer den funksjonelle språkkompetansen kraftig. Teori og praksis gjeng hand i hand på ein fortreffelig måte.

Ein butikk er ein dynamisk praksisplass



Cafeen på Telesenteret

Her fann vi Anbesgeri Gdaye og språkleg og fagleg samspel med Bjørg Irene Myrene. Dei to var før å finne på Kåns restaurant inntil dei gjekk konkurs. Då bjørg Irene fekk tilbod om å ta over kafeen i Telesenteret var ho ikkje i tvil om at ho ville tilby ein språkpraksisplass der. Ho var og tydeleg på at det var Anbes ho ynskte seg mest. Hennar erfaringar med ham i praksis var berre gode. Det er det ikkje vanskeleg å forstå. Anbes er ein likanes kar. Han likar at det skjer mykje på job-

ben og han kjedar seg fort når gjestane uteblir. Språkleg har han utvikla sitt funksjonelle språk veldig godt på det året han har vore i Seljord.

I skrivande stund er kafeen på Telesenteret stengt. Mens Anbes har venta på ny praksis har han nytta høve til å ta teorieksamen. No er han på veg til

Sjøormen Kro, der nye oppgåver ventar (resultat av jobb-messa).



Anbes likar at det skjer noko. Utan gjester i kafeen blir det kjedeleg



Rema 1000

For over eit år sidan gjorde vi avtale med Rema 1000 om praksisplass. Dagleg leiar, Atle Bringsås, syntes eit program for ein flyktning som treng å praktisere norsk, lære seg det norske arbeidslivet å kjenne, samt få sjans til å bygge seg eit større nettvert, var ein god idé.

Tesfay Zeresgi frå Eritrea har no vorre på Rimi over eit år. Primært vil Tesfay ta opp igjen arbeidet sitt som rørleggar, men det har synt seg vanskeleg å få til praksis innfor faget her. Han har heller ikkje dokumentasjon korkje på skulegang eller på erfaringar frå heimlandet.



Det er såleis store sjansar for

at han må tilbake til start igjen. Det kan då vere godt å ha fått opplæring i butikkarbeid slik at han har moglegheit til å skaffe seg ekstrajobb ved sidan av studiane.

På Rema 1000 får Tesfay ei systematisk opplæring i dei mange arbeidsoppgåvene som må gjerast i ein butikk. Varestabling og eksponering, telling og kontroll, handsaming av ferskvarer, frukt og grønt, mjølk og kjølevarer, frysevarer, bestilling, opplæring i kassa og kundesamsaming. Språktrening, ein attest og ein referanse kjem og godt med for framtida.



Arbeidsoppgåvene er mange i ein butikk. Alt det andre rundt det norske arbeidslivet i ein butikk, kan overførast til andre arbeidsplassar

Jobbmesse—ein del av eit heilårsprogram.

Introduksjonsprogrammet skal vere heilårleg - Følgje arbeidslivet sin kalender, medan norskundervisninga følgjer skuleåret sin kalender. Det medfører at vi må ha nokre alternativ å putte inn i feriane. Ut i Samfunnet er eit prosjekt Inger Mar-



grethe har laga nettopp for å ha alternativ i skulens feriar.

Prosjektet er foreløpig delt i fire modular: haustferien, joleferien, vinterferien og sommarferien. I. modul går i grove trekk ut på å berre gjere seg synleg på ein positiv måte i lokalsamfunnet. Andre del er gjennomføring av minibedrift i samband med jolemesse på Dyrskuplassen. Tredje del er ei jobbmesse og fjerde del er gjennomføring av interne, kvalifiserande fagkurs. Prosjektet går såleis over eit heilt år, for

så og starte på nytt igjen.

I tida mellom feriane jobbar dei nokre timar kvar fredag i skulen med cv, skriving av søknadar, personleg presentasjon, marknadsføring og kommunikasjon og anna relevant.

Bilete er frå jobbmessa i vinterferien. Her klarte Inger å få 14 bedriftsleiarar inn i VO. Her skapte vi personlege møter., der deltakarane fikk presentere seg sjølv og gje frå seg CV.

Vi kjem attende med mykje meir om dette etter kvart.

**Nettverk,
referansar og
erfaring er
vegen til jobb**

Bruktbui til Frivillighetssentralen

Bruktbui feira eit års jubileum for ei tid sida. På det året har dei frivillige som driv bui skapt



ein fleksibel praksisarena som ikkje treng å stille veldig stor krav til kompetanse, produktivitet, språk eller tidsnaud. Her har dei god tid og kan skape gode rammer for læring.

Karhiya er den andre deltakaren vi har her. Felles for desse har vorre at dei ikkje har hatt mykje erfaringar med seg, korkje frå skule eller arbeidsliv.

Dei som jobbar frivillig på Bruktbui fortel at Farhiya skapar godt humør rundt seg. Ho er høfleg med kundane og flink til å jobbe.

Hos pensjonerte lærarar, idealistar og elles engasjerte menneskjer får deltakarane leksehjelp, språkpraksis og opplæring i butikkdrift. Dermed får Farhiya maks utbytte av sin praksis: kjennskap til arbeidsliv, språkopplæring og venskap. Snakk om at begge partar kan vinne samstundes.



Karhiya held orden på klede, koppar og alt anna Bruktbui omset.



Seljord Kommune
Brødløsvegen 13
3840 Seljord

Telefon: 35 06 51 08
Faks: 35 06 51 10

E-mail:
per.atle.einan@seljord.kommune
.no

www.seljord.kommune.no

Seljord kommune

Flyktningtenesta har ansvaret for at flyktningar som kjem til Seljord får ei tilrettelagt integrering i kommunen. Det betyr at vi har ein finger med i alt som er naudsynt for at ein flyktning kan organisere livet sitt ut frå tilnærma like premisser som ein innfødd nordmann.

Flyktningtenesta er ein koordinator mellom ulike instansar og flyktningen.

Tenesta driv med rettleiing og rådgjeving til flyktningar og alle som har med flyktningar å gjere.

Vaksenopplæringa underviser vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap. Vaksenopplæringa fylgjer skuleruta for grunnskulen i Seljord. Undervisninga er på Borgen og på kommunehuset. Undervisningstida er frå kl. 08.30 - 15.00, måndag til fredag.

Ved avslutning av norskkurs, får elevane høve til å gå opp til offentleg språkprøve.

Elevgruppa er sett saman av tre ulike kategoriar elevar.

Til topps igjen, 24.—25. juni 2011



I år gjer vi det igjen - vi dreg til topps på Nord-Europas høgaste fjell!

Men først skal vi trene oss på gradvis større og større utfordringar rundt Seljord.

No inviterer vi alle som vil til å vere med, så vel på turane i nærområdet, som turen til Galdhøpiggen. Om du er vaksen eller barn, om du er åleine, om dykk er ei gruppe eller ein heil organisasjon, så ryddar vi

plass til dykk.

Om dykk berre vil vere med å gå litt, så er dykk velkomen til det.

Om dykk vil arrangere ein tur med oss, så blir vi glad.

Om du har eit godt bidrag, så takkar vi.

Målet er å gjere innvandrarar kjent i nærområda der dei bur og landet generelt,

Skape god opplevingar i møte mellom deg og meg, betre hel-se gjennom meir fysisk aktivitet, byggje nettverk og styrke den norske turtradisjonen, utvikle språkferdigheiter og dessutan berre vere saman.

Vi kjem til å tinge busstransport og overnatting i Lom.

Vi startar etter påske. Ta kontakt med oss eller følg med på heimesida til Seljord kommune. **Bli med til topps !**